

## KOR MANGE KUNSTAR KUNNE KONG HARALD?

Gudlaug Nedrelid  
Høgskolen i Agder

Eller, om ein gjev spursmålet ei meir kunstferdig form:

Kor av kunstar Harald/konge kunne monge?<sup>1</sup>

Spursmålet gjeld ei strofe i Harald Sigurdssons gamanvisor, strofe 5 i Finnur Jónssons utgåve av *Den norsk-islandske Skjaldedigtningen*.<sup>2</sup> I Finnur Jónssons korrigererte versjon (*Skj. B I:329*) lyder ho slik:

Íþróttir kann ek átta:/ Yggs fetk líð at smíða,/ férr emk hvast á hesti,/ hefð sund numit stundum,/ skriða kank á skiðum,/ skýtk ok rók, svát nýtir;/ hvártveggja kank hyggja:/ harpslótt ok bragþóttu.

Den siste halvstrofa finn me att hos Rognvald orknøyjarl. Dei to fyrstane var begge gáverike mangesyslarar, føre til både lekamele og ándelege idrettar. Rognvald har vore endå betre utrusta enn Harald, han skryter av å kunna heile ni ulike kunstar:

Tafl emk orr at efla,/ íþróttir kank núu,/ týnik traudla rúnum,/ tíð er bók ok smíðir,/ skriða kank á skiðum,/ skýtk ok rók, svát nýtir;/ hvártveggja kank hyggja:/ harpslótt ok bragþóttu (*Skj. B I:478*.)

Finnur Jónsson seier at "5-8 er, som de foreligger i Mk, et lån fra Rognvald jarls bekendte idrætsvers; 66, Hr har beholdt de to første men vilkårlig istedenfor de to sidste indsat omkvædet fra Haralds vers" (*Skj. A I:357*). Bjarne Fidjestøl gjer merksam på at "strofa manglar det niðrlag som som elles er karakteristisk for diktet" og "her er det derfor noko gale" (Fidjestøl 1982:60).

At talet på kunstar i strofa, slik ho er overlevert i *Morkinskinna*,<sup>3</sup> faktisk ikkje stemmer, vitnar ogso om at her er eitkvart gale. For i Finnur Jónssons omsetjing blir det berre sju idrettar. Han omset verset "fetk at smíða Yggs líð" med "jeg forstår mig på at lave et dikt" (*Skj. B I:329*). Holm-Olsen tolkar det sameleis, "han kveder om sine kamper og de 'idrettene' han kan, og nevner skaldskap som den første" (1975:253). Men denne kunsten kjem att i siste helming òg, "hvártveggja kank hyggja: / harpslótt ok bragþóttu," det vil seia "jeg forstår at slå harpen og lægge en vise" (*Skj. B I:478*). Harald var ein god skald, Finnur Jónssons utgåve av skaldediktningi inneheld 19 strofer som skal vera etter han, og ein kompetent litteraturkritikar,<sup>4</sup> det går fram av

<sup>1</sup> Ordet *kunst* er her brukt i den vide tydingi "oppøvd evne, tæne" (*Nynorskordboka*).

<sup>2</sup> Heretter forkorta som *Skj.*, og merkt med A/B og bindnummer I/II.

<sup>3</sup> Eg har hatt i hende Ungers utgåve frå 1867, heretter forkorta *Mork*.

<sup>4</sup> "Sia kvnnom ver hverr mvrn qveþanna er. mitt qveþi mon bratt niþr falla oc engi kunna. en drapa þessi er ort er vm Magnvs konvng mon qveþin meþa(n) Norþrlond er bygð" (*Morkinskinna* 1867:32, jfr. Holm-Olsen 1975:244).

tættene i *Morkinskinna*. "No king of Norway was himself a better poet, and none showed a deeper appreciation of the art than Haraldr did" (Turville-Petre 1968:5).

"Er hatte einem großen Kreis meist guter Skalden um sich, und dichtete auch selbst, und das nicht schlecht" (Kuhn 1983:307, jfr. Holm-Olsen 1975:246). Og dei underheldt seg med kappdikting og innbyrdes kritikk (Fidjestøl 1994:77). "Er dichtete nicht nur selbst, sondern nahm auch viel Anteil an der Dichtung seiner Skalden, und kritisierte, was ihm mißfiel" (Kuhn 1983:308). At han var kritisk får me demonstrert i tåtten om Snegle-Halle<sup>5</sup> og i tåtten om fiskaren Torgils (*Mork.* 1867:101ff.).<sup>6</sup> Harald var ikkje den som sette ljuset sitt under ei skjeppe, men ein so skarp og sløg og beint fram bereknande person som kong Harald kunne sikkert telja til åtte. Talordet *átta* ber rimet, rimstavane held verset saman, som naglane i eit skip, veit me, og talet *sjau* hadde vore ubrukande i denne posisjonen. Men at mannen rosar seg av åtte idrettar, og deretter presenterer berre sju, aukar neppe heideren hans, og særleg ikkje når mishøvet må forklarast med rimnaud, og den kunsten som må teljast dobbelt er nettopp skaldekunsten. Mishøvet i strofa blir endå meir påfallande når me ser han i ljøs av den samfunnsmessige konteksten, i mellomalderen var æra noko av det som betydde mest, kanskje meir enn alt anna, ikkje minst for ein fyrste.<sup>7</sup> Å nemna slikt som berre var lausprat og fjas, ville vera spott og gjelde ros, seier Snorre om skaldeversi (Snorre 1900:4), og det same må vel gjelda for sjølvros? Den kjem som kjent frå hjarta. Når me jamnfører strofa med biletet av Haralds personlegheit, slik me kjenner det frå saga og tættene om han, verkar det usannsynleg at han skryter av å kunna åtte idrettar, og so presenterer berre sju. Dette er dermed ogso eit vitnemål om at andre helmingen truleg er sekundært brukt i Haralds strofe.

Ei alternativ tolking av andre verset i fyrste fjordung kunne likevel få talet til å stemma. Om ein som eit tankeeksperiment tek strofen i *Morkinskinna* for "god fisk", og les nedanfrå, har ein fem kunstar i siste helming, og to i andre fjordung, dei sju er heilt udiskutable. Om ein skal få det til å bli åtte, må altso den andre linja, "ygs fet ec lip at smúpa" omtolkast, slik at denne opplyser om ein annan kunst enn skaldekunsten. Harald kan smi, laga, gjera Odins (Yggs) *lip*. Finnur Jónsson byter ut *lip* med *lið*, og tolkar det som "stærk, berusende Drik" (Fritzner), dermed blir tydeordet<sup>8</sup> *Odins drykk*, ein kenning for diktekunsten. Svaret på "gáta" ligg i myten om skaldemjoden.

<sup>5</sup> Ogso prenta i *Uitvalgte þættir fra Morkinskinna*, utgjevne av Tor Ulset, og omsett av Sveinbjörn Aursland i *Snegle-Halle og andre småsoger*.

<sup>6</sup> Jfr. Kuhn 1983:307-10.

<sup>7</sup> "Endaa du er ein dugande mann, Skjalg, vil eg ikkje for di skuld brjota lovi og gjeva fraa meg den kongelege heideren" (Snorre 1900:381), sa Olav Haraldsson på Avaldsnes, endå det å halda på heideren i denne situasjonen kunna føra til konflikt med heile det mektige lendumansaristokratiet. Æra kom fyrst, "there are numerous examples in the sources of men who for honor's sake prefer to fight against a superior force" (Bagge 1991:162).

<sup>8</sup> Termene *kjenneord*, *grunnord* og *tydeord* er henta frå Fidjestøl 1974:7f.

"Því kóllum vér skáldskapinn feng Óðins ok fund ok drykk hans ok giöf hans ok drykk ásanna" (Snorri Sturluson 1971:83f.).<sup>9</sup> Odin var skaldeguden, tolkingi er velkjend<sup>10</sup> og uangripeleg. Kjenneordet er *ygs*, normalisert *Yggs*, og soleis genitiv av Odins-heitet *Yggr* (*Edda*:25), so om ein skal nylesa verset er det diskutabile punktet i kenningin er grunnordet *liþ*. Dersom me kan finna ei anna tolking av grunnordet, får me ogso eit anna tydeord, og dermed eit anna svar på gáta.

Odin var gud for visdom og skaldskap. Men han er like kjend som krigsguden, herren i Valhall, der han samla dei falne krigarane, "hans óskasynir eru allir þeir er í val falla, þeim skipar hann Valhöll" (*Edda*:25). Skalde-diktingi myndrar av strofer der skaldane hyller fyrsten fordi han gjer det av med fiendane sine og mettar likdyr og átselvfugar. (Bjarne Fidjestøl seier at kampskildringane får si mest karakteristiske form i *likdyr-motivet* 1982:200.) Kongen blir rosa som framgangsrik krigar og manndrepar, reint ut sagt som slaktar. Dette kan verka lite rosverdig sett frá vår stástad, "det har hendt under arbeidet at eg tykkjer teven av manneblod er meg for stram", skreiv Bjarne (Fidjestøl 1982:7). Men slik var tidi, og slik var skaldekunsten. "Det typiske innhaldet i eit kongesagadikt er ros av ein fyrste med vekt på dei krigerske eigenskapane hans" (Fidjestøl 1994:74). Eit anna uttrykk for den same, etter den tids syn, rosverdige eigenskapen, er á seia at hovdingen sender motstandarane sine til Odin eller Valhall. Det manglar ikkje dæme på dette motivet i skaldediktingi. Det er brukt i ulike utformingar eller alludert til av Torbjørn Hornklove (*Skj. I A*:26, 29), Egil Skallagrímsson (*Skj. I A*:36), Øyvind Skaldespille (*Skj. I A*:64, 66), Glum Geirason (*Skj. I A*:75), Kormak (*Skj. I A*:90), Helge Trauste (*Skj. I A*:99), Einar Skálaglam (*Skj. I A*:124, 130), Torleiv Jarlaskald (*Skj. I A*:141), Tind Hallkjellsson (*Skj. I A*:147) og Hávard isfjording (*Skj. I A*:191). Det blir ogso alludert til forestillingi i det anonyme Eiriksmål (*Skj. I A*:174), og i strofa "Finnválginn í Jomsborg" (*Skj. I A*:186f.).

Om me let grunnordet bli ståande med kort /i/, og tolkar det som *lið* (n), "Flok, Skare af Mennesker, Mænd" (Fritzner), i den svært vanlege mein- ingi krigarflokk, "hovdings faste følge, hærfølge" (Heggstad m.fl.), so vil tydeordet for kenningin *Yggs lið* bli *einherjene*, Odins hærfylgje i Valhall.<sup>11</sup> Harald smir, skaper, produserer krigarar for Odin, med andre ord, han drep fiendane sine. Den fyrste idretten han rosar seg av, skulle då vera krigskunst- en. Det vil seia at han i sjølvrosen legg mest vekt på den eigenskapen skald- ane fyrst og fremst prisar fyrsten for. "Tapperhet i kamp er fyrstens fornemste dyd" (Jón Helgason 1953:133).

Slik me kjenner Harald frá saga om han, er det ikkje ugrunna. "Han var den vaapndjervaste av alle og sigersæl", seier Snorre (Snorre 1900:643). I

<sup>9</sup> Heretter forkorta *Edda*.

<sup>10</sup> Fleire parallellar finst i *Lexicon Poeticum*, "Yggs fengr", "Yggs full", "Yggs mjoðr", "Yggs bjorr", "Yggs lið" (eit dæme frá Kormak, i tillegg til dette) og "Yggs ol" (*LP*:632).

<sup>11</sup> Etter *Lexicon Poeticum* er Odins-heitet *Yggr* ogso svært vanleg som kjenneord i kenningar som har med kamp, strid og vápen á gjera.

Snorres framstilling står Harald Sigurdsson fram som den store krigaren og den gäverike strategien:

Me hev ingi segnir som er merkande um uppvekstren hans, fyrr han var 15 aar, daa han var med i slage paa Stiklestad med kong Olav, bror sin; sidan livde han i 35 aar, og i all den tidi var de aldri stans med uro og ufred. Kong Harald flydde aldri i noko slag, men han fann tidt paa ein utveg, naar han kom ut for ei yvimagt. Alle folk, som fylgde han i slag og paa herferd, sagde de, at naar han var i ein stor faare og han skulde fri seg i ei braavending, valde han den utvegen som alle etterpaa saag hadde vori de beste til aa hjelpa (Snorre 1900:643).

Ein slik mann kunne med full rett rosa seg av krigskunsten sin, og av at han tyner fiendane sine. Det har han då ogso gjort i fleire andre visor, heilt frå den fyrste strofa, der han vil raudfarga skjoldet, "rjóðum vér af reiði rønd" (*Skj. I B:328*), i nr 6, "Ein munat ekkja kenna/ ung né mæ, at værim/ þars gerðum svip sverða/ síð í borg of morgin/ ruddumk umb með oddi/ eru merki þar verka" (*Skj. I B:329*), sameleis i nr 13:

Nú emk ellifu allra/ (eggjumk vígs) ok tveggja,/ þau ero enn svát mank, manna/ morð, ráðbani orðinn;/ ginn en gráleik irna/ golls, es ferr með skolli,/ lýtendr; kveða lítit/ lauki gæft til auka (*Skj. I B:330f.*).

Og i nr 15:

Hjoggu harða dyggvir/ hirðmenn Dani stirða,/ sótti ferð á flóttu/ framm, en þat vas skømmu;/ hitt vas fyrr, es fjarri/ fóstrlandi rauðk branda/ (sverð) í Serkja garði/ (søng), en þat vas løngu (*Skj. I B:331*).

Skaldane hans har i høg grad framheva same eigenskapen, "the kennings and other expressions used to denote Haraldr are concentrated more on his success in battle, his hard rule and tyranny" (Turville-Petre 1968:15).

Ei innvending mot tolkingi kan vera at alle, eller so godt som alle, dei siterte dømi ovanfor, der skaldane brukar motivet med dei falne fiendane som Odins krigarar, stammar frå den førkristne perioden. Bruken av motivet ser ut til å fjera ut rundt år tusen. Olav Haraldssons skaldar brukte det ikkje, men Olav var i utgangspunktet skeptisk til skaldekunsten. "konungr sagði at hann vill ecki lyþa kveþi hans. oc hann vill ecki lata yrkia um sec" (*Den store saga om Olav den hellige I:82*). Sigvat innførde ein enklare stil, med mindre bruk av kenningar. Det har vorte sett i samband med at han var kristen, og ville frigjera skaldestilen frå den heidenske tradisjonen (Fidjestøl 1994:76). Hallfred Vandrådeskald tok liknande omsyn til Olav Trygvason, han "avhöll sig frá kenningarnas hedniska mytologi" (Hallberg 1962:138f.).

Men det høgt kompetente og kunnskapsrike skaldemiljøet rundt Harald Hardråde har kjent både gamle strofer og gamle mytar, og skaldane og kongen sjølv har heller ikkje tvika med å bruka dei som byggjemateriale i kenningar (jfr. Kuhn 1983:309). Det myldrar av gudenamn og allusjonar til heidenske mytar i strofene frå dette militaristiske miljøet, ikkje minst i

kenningar for krig, kamp og stridsmann,<sup>12</sup> men ogso i andre kunnskapskenningar. Ein kan nesten tillata seg å snakka om ei motebylgje. Det er audsynt at Harald må ha hatt eit meir tolerant syn på kva som var tillateleg i skaldekunsten enn den heilagkåra halvbroren.<sup>13</sup> Kenningen Yggs *lið* skulle soleis vera både lett gjennomskodeleg<sup>14</sup> og sosialt akseptabel i miljøet rundt Harald.

Me ser ogso at den samtidige hovudskalden hans, Tjodolv, utnyttar det same motivet, "Gauts berr sigð á sveita / svans orð konungr Hørða" (*Skj. B I:346*). Bjarne Fidjestøl drøftar strofa (1982:140ff.), hans ærend gjeld innhaldet i kenningen *sveita svans orð*, blodsvanas avling, also dei falne, og han konkluderer med at strofeparet inneheld "eit sterkt og makabert innhaustingsbilete, der vi får sjå krigaren som 'meiar ned' mennene med sverd, i biletet av ein onnekar, som haustar inn ein mogen åker med sigd" (Fidjestøl 1982:141.) Ein viktig del av meiningi i den her siterte kvartstofen blir boren av kenningen *Gauts sigð*. *Gautr* er som kjent eit Odins-heiti (*Edda*:25, jfr. Turville-Petre 1968:16), Odins sigd er ei omskriving for drapsvåpen, og på grunn av denne relativt lett gjennomskodelege kenningen kan ein forstå innhaldet i den meir kompliserte *sveita svans orð*. Ogso Tjodolv spelar also på Odins rolle som valherre. Utfrå dette kan me knapt avvisa den alternative tydingi av kenningen Yggs *lið* berre med argument om usamtidigheit og religiøse sperror.

Men korleis går det so med metrikken, om me endrar "Yggs fetk *lið* at smíða" til "Yggs fetk *lið* at smíða"? Ei langstaving blir bytt ut med ei kortstaving, og det blir eit dårlegare vers av det. Ein ting er at linja skifter struktur, frå den perfekte versjonen med tre langstavingar og fire kortstavingar (justert med bragarmål, *fetk*), hos Finnur Jónsson, til ei linje med to langstavingar og fem kortstavingar i den alternative versjonen. Men talet på stavingar er ei mindre sak, ettersom "two short syllables could stand for a long one" (Frank 1978:35).<sup>15</sup>

Neste innvending gjeld trykkforholdet. "Stress normally fell on metrically long syllable, but shifts of weight were possible" (Frank 1978:35). Ordet *lið* kan also ha trykk, sjølv om det ikkje er langstava.

Normal practice seems to be that when three full stresses and one secondary occur in a single line, one of the accents must fall

---

<sup>12</sup> Etter vår tids oppfatning må dette vera utprega "mannelitteratur". Ein vanleg definisjon av *kvinnelitteratur* har vore litteratur av, om (og for?) kvinner (jfr. Stegane 1980:9). *Mannelitteratur* skulle soleis logisk vera litteratur av, om (og for?) menn.

<sup>13</sup> "Es setzte (...) ein gefestigtes Christentum voraus", meiner Hans Kuhn (1983:309).

<sup>14</sup> "We might wonder whether such kennings would be readily understood by an audience of the eleventh century. I think they would, at least by educated men, for they belong to an old and well-established type" (Turville-Petre 1968:14).

<sup>15</sup> Jfr. Hallvard Lies artikkel om Dróttkvætt i *KLNM*. "To be fully scaldic, as I use the term, a poem must be in a syllable-counting measure", hevdar Turville-Petre (1976:xvii). Men han underslær ikkje at "Some liberty (*leyfi*) is allowed in the number of syllables" (1976:xviii). Tor Ulset avviser at dróttkvætt versemål er stavingsteljande, og det er heller ikkje so strengt more-teljande som klassiske versemål (Ulset 1975:18f.).

on a metrically short stem; furthermore, a noun stem in the fourth syllable - such as *dag* in line four<sup>16</sup> - must be metrically short (Frank 1978:35).

I so fall kunne trykkmønstrer i linja "Yggs fetk lið at smíða" kanskje bli slik: / \ / x / x, altså paralleit til linja "allsvangr gotur langar" i den Sigvat-strofa Roberta Frank brukar som døme på dette mønstrer (1978:34f.), der andre hovudtrykket ogso ligg på ei kortstaving. Når hovudtrykket ligg på ei kortstaving, bør det støttast av eit bitrykk (Kuhn 1977:520, 1983:164).

Verre er det at nylesingi går ut over hendingssystemet, *lið* og *smíða* gjev ei perfekt adalhending, *lið* og *smíða* gjer det ikkje. "Die vollen Reime der Abverse, welche Gleichheit auch der Vokalen forderten, verlangten auch deren gleiche Langestufe" (Kuhn 1983:80). Det gjer dei ikkje her, og det er eit alvorleg regelbrot, "ecki er þat iafnhátt", for å sitera Harald (*Mork.* 1867:102). Kvalitet og kvantitet i hendinga bør jamvega, og i fiskemannstátten i *Morkin-skinna* kritiserer kongen Tjodolv for linja "gröm en þat var skömmu".<sup>17</sup> Med den alternative lesingi gjer Harald seg i so fall skuldig i ein verre feil enn den han lastar Tjodolv for. "Verschiedene Länge der Vokale ist in den Vollreim-silbenpaaren denn auch äußerst selten - anders war es bei dem Konsonanten" (Kuhn 1983:80). Men dei fleste tekstprodusentar, før og no, har vel opplevd at det lek mellom teori og praksis, anten no produktet er poesi eller vitskap. Og me skal sjå at "Haraldr allows himself such liberties as he would not tolerate in Þjóðólfr" (Turville-Petre 1968:19).

"Im Anfang scheint der Verwendung der Innenreime kaum etwas festen Regeln gefolgt zu sein", seier Kuhn (1981:295). Reglane for innrimet utvikla seg over tid,<sup>18</sup> og "the rules grew gradually stricter" (Turville-Petre 1976:xix).

The regular use and placement of full and half-rhymes here described was introduced only toward the end of the tenth century. Earlier *dróttkvætt* poets treated rhyme more as an embellishment than a metrical necessity (Frank 1978:36).

Wir beobachten den Innenreim bei den ältesten Skalden noch in der Entwicklung, und es dauerte sehr lange, bis sich seine spätere Normalform gefestigt und im Hauptteil der Dichtung ganz durchgesetzt hatte" (Kuhn 1983:76.)

Og i mindre formelle samanhengar overlevde dei slappare reglane, eller mangelen på reglar, lenge. "Enkelte af disse ejendommeligheder (rimløse

<sup>16</sup> Linja Frank her viser til går slik: "höfum lítinn dag slíta" (Frank 1978:34.)

<sup>17</sup> Her sitert etter Kuhn 1983:308, jfr. *Mork.* 1867:102. Men Harald sjølv rima "myni enn þinig nenna" (strofe 4) og "ein munat ekkja kenna" (strofe 6, *Skj. B* I:329). Som Turville-Petre har påvist, var han strengare med skaldane enn med seg sjølv (1968:19). Det er som kjent lettare å sjå flisi i auga åt bror sin enn bjelken i sitt eige!

<sup>18</sup> Jfr. Klaus von See 1981 om frekvensen av skothending.

linjer, optakt i b-linjen) kan også forekomme sporadisk hos andre senere skjalde, særlig i strofer af mere improviseret preg" (Jón Helgason 1953:18). Haralds strofer er just av det mindre høgtidelege slaget, gamanvisor, leilegheitsdiktning.<sup>19</sup> At nylesing er øydelegg adalhendingi, er likevel det tyngste argumentet mot å akseptera denne tolkingi. Kuhn opplyser at hendingspar som *áttngofuðum hattar* er mykje sjeldnare i b-linja enn i a-linja (1977:528).

Om me framleis skulle finna det verdtt å diskutera alternativet *lið*, so er det i so fall slett ikkje einaste gongen Harald slurvar med hendingane. "Some of his lines have full rime in place of half, other half rime in place of full, and some no rime at all" (Turville-Petre 1968:19). Døme på det siste finn me i strofe 7, "fóddr var ec þars alma/ upplendingar bendu/ nv let ec við scer scolla/ scejþr bvmónnmv leiþar" (Skj. A I:358), her manglar skothendingane i fyrste fjordung. Sameleis i strofe 8, "Þegi þu þorir/ þegn ertv ogegn/ heyrþa ec at heti/ hvinggestr fapir þinn" (Skj. A I:358), og i siste fjordung i strofe 17, "margar ero Manna velar" (Skj. A I:360). Adalhending i staden for skothending finn me i strofe 2, "nu læt ec scog af scogi/ screiðaz litils heiðar/ hver veit nema ec verða/ viðá frög um siðir" (Skj. A I:356), og i strofe 6, "þar er gerþvm svip sverþa/ siþ iborg vm morgon" (Skj. A I:358).<sup>20</sup> Harald tok det ikkje so nøye, han tillet seg både háttlœysor og andre regelbrot. Dermed kunne han truleg tillata seg ei grov *mállœyse*,<sup>21</sup> ogso i b-linja. Han er i godt selskap, jamvel Haralds kompetente hovudskald, Tjodolv,<sup>22</sup> greip also til ei ufullkomi adalhending når det kneip,<sup>23</sup> sjølv om hans "feil" gjekk på konson-

<sup>19</sup> Kuhn har påvist at Tjodolv frá Kvine var mindre streng i sin "Gelegenheitsstrophen" enn i "Haustlǫng" (1977:518).

<sup>20</sup> Dessutan finn me det same forholdet i andre helming i idrettsstrofen, "screiþa kann ec ascipom/ scyt ec oc ræg sva at nytir" (Skj. A I:357). Men Rognvald brukar ogso adalhending for skothending i átta andre strofar (str. 9, 11, 12, 17, 18, 19, 25 og 30) av dei 35 strofane som er overleverte etter han (Skj. A I:505-512).

<sup>21</sup> "Ekki eru þær hendingar jafnhávar; hrömm, skömm, þat væri jafnhátt, en hitt er mállœysa, ok fleira hefir þú betr ort" (Harald i Hulda/Hrókkinskinna-varianten, her sitert etter Fíðjestól 1971:36), jfr. *Mork.* 1867:102.

<sup>22</sup> Folk har dæmt ulíkt om Tjodolfs kompetanse, Guðmundur Þorláksson reknar han som ein av dei største, kansjke den største av skaldane (Turville-Petre 1968:16f.).

<sup>23</sup> Kongen sette han likevel svært høgt, "Gott scald ertv Þiðólfr" (*Mork.* 1867:94). Dei to slengjer strofer til kvarandre, og Tjodolv ser ut til å alludera til kongens vers i hyllingsdiktet seksstevja. (Bjarne Fíðjestól gjorde merksam på dette forholdet i hovudfagsundervisning ein gong tidleg på 80-talet.) Harald seier at han "skilðumk ungr við ungan / allvald í styr fallinn" (Skj. B I:328), Tjodolv refererer til det med "skilðusk hann, ok huldi / hjalmsetr gamall vetra / tyggi tolf og þriggja, / traúðr við Áleif dauðan" (Skj. B I:339). "Fóddr vas ek þars alma / upplendingar bendu" (Skj. B I:329), fortel Harald. "Alm dró upplenzkr hilmir" alluderer Tjodolv (Skj. B I:342). Harald skrytur av sine tidlegare bedrifter i framande land, "hitt vas fyrr, es fjarri / fóstrlandi rauðk branda / (sverð) í Serkja garði / (søng), en þat vas longu" (Skj. B I:331), og "Sneið fyr Sikiley viðá" (Skj. B I:329). Tjodolv nemner begge plassane, "áðr herskórðuðr harðan / Hildar leik ok skildi, / Serkjum hætt, i sletti / Sikiley gekk heyja" (Skj. B I:339). Karsverki er ikkje gløymde, "eru merki þa verka" (Skj. B I:329), fortel Harald. Tjodolv er med på den, "svá finnask til mínni" (Skj. B I:340). Kansjke spelar han ogso på dette verset når han fortel om grekar-kongens traurige lagnad, "lagði allvaldr Egða / austr á bragning hraustan / grálígt mark, en Girkja / gotu illa fórr stillir" (Skj. B I:340). Det er mogeleg at Tjodolv alluderer til kongens vers ogso i dei

antlengdi, ikkje på vokallengdi, og det er tradisjonelt tillateleg (Kuhn 1983:80, 310). Harald gjorde det same sjølv (sjå note 17).

Men Harald tok lett ogso på vokallengdi no og då, det ser me av dei fylgjande versi, som i Finnur Jónssons korrigerde versjon går slik: "lið fekk lindar váða" (strofe 2) "fundr vas þess at Þrúndir"<sup>24</sup> (strofe 3, *Skj. B I:328*), "vættik miðr at motti" (strofe 4, *Skj. B I:329*), "lótum vér, meðan lirlar" (strofe 8, *Skj. B I:330*), "börn ok alt þats árnar" (strofe 17, *Skj. B I:331*). Det finst also talrike dæme på ulik vokallengdi i skothendingane, ogso i den retta versjonen. No er also slik at ein kan ta seg større friheiter i a-linja enn i b-linja<sup>25</sup> (sjå ovanfor), men dette er i alle fall eit vitnemål om at Harald slett ikkje er påliteleg når det gjeld vokalkvantitet, verken framfor konsonantsamband, lang konsonant og heller ikkje framfor kort konsonant. Oppsummert kan me seia at Harald omgást høgst lemfeldig med hendingssystemet, og han har beviseleg ulik vokallengdi i alle slags stavingstypar, overlange,<sup>26</sup> lange og korte, i skothendingane, og han har ulik konsonantlengdi i adalhendingar. Dermed kan ein kanskje utelukka *lið/smiða* som eit mogleig rimpar i ei adalhending frá hans side? Linja "lið fekk lindar váða" er helst det sterkaste argumentet for ei slik tolking, her er det ulik vokallengdi framfor kort konsonant.

Kvar endar so den alternative lesingi av fyrste fjordung i strofe 5? Kong Harald kjem ut som ein lækare skald, som har tillate seg endå eit høgst uregelrett innrim. Men innhaldet i strofa høver betre med kongens personlegheit, han framhevar fyrst den eigenskapen som både han sjølv og samtdi sikkert har oppfatta som den største av alle idrettar. Om me blir i tankeespe-

---

praktfulle maritime beskrivelsane sine, "gekk með golli miklu (glygg fell ótt of tyggja) / höll á hléborð sollin / Haralds skeið und vef breiðum" (*Skj. B I:341*), og "Lét vingjafa veitir / varghollr dreka skolla / lystir fyr leiðangs brjósti" (*Skj. B I:342*). Harald har "nú lætk við sker skolla / skeiðr, bumpönnum leiðar" (ibid.). Ordet *skeið* er ein vanleg term for krigsskip (Fritzner), men verbet *skolla*, "slingre, sveve" (Fritzner) brukt om skip ser ut til å vera mindre vanleg. Etter *Lexikon Poetikum* er det Sigvat, Harald og Tjodolv som har brukt det på denne máten.

<sup>24</sup> Rimet i dette dæmet (*fundr/trúndir*) kunne alternativt ogso tolkast som eit tidleg vitnemål om den seinare kvantitetsomleggingi. "Det hev vore tilhug til å stytta lang vokal (og tviljod) framfyre lang konsonant eller kons.-samband alt fyre den gamalnorske litteraturtid" (Indrebø 1951:221), og den ujamne vokallengdi i dette rimet stár i ein slik posisjon. Forlenga vokal i kortstaving, som ein måtte hatt for å få *lið/váða* og *lið/smiða* til å rima, kjem derimot seinare. Indrebø seier at det kom i tidleg mellomnorsk tid, "ja sume stader alt i den seinare luten av gamalnorsk tid (13. hdr.)" (1951:221). Skaldevers er elles ei viktig kjelde til kunnskap om kvantitetsomleggingi. "Metrum in den gamle diktning gir gode opplysninger" (Seip 1931:99), og "Verslæra i den gamle diktningi byggjer heilt på strenge reglar om stavingslengdi" (Indrebø 1951:220). Mer: Kuhn påpeikar at me veit for lite om alderen på forlenging og korting i gamalnorsk, og "Sie können, wenigstens in einzelnen Landschaften, erheblich früher angefangen haben, als wir mit den üblichen Mitteln festzustellen vermögen" (1977:524.)

<sup>25</sup> Ogso i Rognalds lausaviser finst det, etter det eg kan sjå, tre dæme på ulik vokallengdi (i str. 14, 24 og 34). Alle tre finst i a-linjur, og i alle fall to av dei er før konsonantsamband (*Skj. A I:508-512*).

<sup>26</sup> Kuhn syner at rimpar med overlang/lang staving var var rimeleg vanlege og akseptable i skothendingar. "So setzten sich die Reime des Typs *Dá varðr fastr við fóstura* trotz der Ungleichheit der Vokale als vollberechtigt durch, und sie wurden so einer sehr beliebten Form (1977:526). Han set det ogso i samband med kvantitetsomleggingi (1977:527f.).



rimentet, og framleis tek strofen frå *Morkinskinna* for god fisk, går strofen omlag slik: "Eg kan åtte idrettar. Eg sender folk til Odin (les: 'eg er ein stor krigar!'), eg rir godt, eg kan symja, eg går på ski, eg skyt og eg ror brukande. Desutan forstår eg å slå harpa og laga eit dikt".<sup>27</sup> Han byrjar i så fall med dei fysiske ferdigheitene, og tek dei intellektuelle kunstane til slutt. Rekkjefylgja verkar vel motivert. Visst var Harald ein bra skald, men langt frå den fremste i samtidi, og det var han sikkert fullt klår over sjølv. Men som krigar var det få på hans tid som kunne mæla seg med han.

Me skal elles ikkje konstruera ein motsetning mellom kriging og skaldekunst, tvert imot er der ein ubryteleg samanheng mellom dei:

Mit seinem Falle - wohl nok in derselben Stunde - fand die Blutezeit der skaldischen Dichtung und damit des Dróttkvættis ihr Ende. Es fiel mit der Wikingerzeit zusammen, und das war schwerlich ein Zufall. Diese Dichtung brauchte als Antriebskraft und Element eine ungewöhnlich unruhvolle, hochgespannte und tatenfrohe Zeit (Kuhn 1983:310).

Harald var ein framstående og typisk representant for ei slik tid. Han herja omkring i 36 år, "og i all den tidi var de aldri stans med uro og ufred." Han var modig, maktglad, kaldklok og krigslysten, og bar tilnamnet sitt med god grunn. Og han laga vers om sine verk, av vekslande kvalitet. Kanskje lyt nylesingi av keningen *ygs liþ* avvisast av metriske årsaker, dei gamle er vanlegvis eldst. Om den alternative tolkingi er akseptabel, kan ho vera eit innspel til diskusjonen om kor faste reglane for hendingssystemet var på ulike tidspunkt. Og om ein kan godta nylesingi som eit alternativ, kan ho ogso vera ein fotnote i diskusjonen om kvantitetssomleggingi.

#### Litteraturliste:

Islendingar med dansk statsborgarskap er alfabetiserte på patronymet, islandske statsborgarar på førenamnet.

Bagge, Sverre 1991: *Society and Politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*. Berkeley-Los Angeles-Oxford.

*Den norsk-islandske Skjaldedigtning A I-II og B I-II*, 1912-1915. (Udg. v/ Finnur Jónsson.) København og Kristiania.

*Den store saga om Olav den hellige*, 1941. (Utgitt av Oscar Albert Johnsen og Jón Helgason.) Oslo.

Egilsson, Sveinbjörn. 1913-16: *Lexikon Poeticum*. (Udg. v/ Finnur Jónsson.) København.

Fidjestøl, Bjarne 1971: "Tåtten om Harald Hardråde og fiskaren Þorgils" i *Maal og Minne* (s. 34-50). Oslo.

Fidjestøl, Bjarne 1974: "Kenningsystemet" i *Maal og Minne* (s. 5-50). Oslo.

Fidjestøl, Bjarne 1982: *Det norrøne fyrstediktet*. Øvre Ervik.

Fidjestøl, Bjarne 1994: "Norrøn felleslitteratur" i *Norsk litteratur i tusen år* (s. 30-128). Oslo.

Frank, Roberta 1978: *Old Norse Court Poetry. The Dróttkvætt Stanza*. Ithaca & London.

Fritzner, Johan 1972-73: *Ordbog over Det gamle norske Sprog I-IV*. Oslo-Bergen-Tromsø.

---

<sup>27</sup> Jfr. "The Ideal Man", Bagge 1991:146-151.

- Hallberg, Peter 1962: *Den fornisländska poesien*. Stockholm.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld: "Kringla" *KLNM* 9 (sp. 287f.). København.
- Heggstad, Leiv m.fl. 1975: *Norrøn orðbok*. Oslo.
- Helgason, Jón 1953: "Eddakvad og skaldekvad" i *Litteraturhistorie = Nordisk kultur VII:B*. Stockholm-Oslo-København.
- Holm-Olsen, Ludvig 1975: "Fra runene til Norske Selskab" i *Norges litteraturhistorie I* (s. 19-343). Oslo.
- Hødnebo, Finn: "Morkinskinna" i *KLNM* 11 (sp. 704f.). København.
- Indrebø, Gustav 1951: *Norsk málsega*. Bergen.
- Jón Viðar Sigurðsson, 1993: *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*. Bergen.
- Kuhn, Hans 1977: "Hendingstudien" i *Sjöftu ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni* (s. 517-532). Reykjavík.
- Kuhn, Hans 1981: "Vor tausend Jahren. Zur Geschichte des skaldischen Innenreims" i *Speculum Norroenem. Norse Studies in Memory of Gabriel Turville-Petre*. (s. 293-310). Odense.
- Kuhn, Hans 1983: *Das Dróttkvætt*. Heidelberg.
- Lie, Hallvard 1981: "Dróttkvætt" i *KLNM* 3 (sp. 336-338). København.
- Lie, Hallvard 1981: "Heimskringla" i *KLNM* 6 (sp. 299-302). København.
- Lie, Hallvard 1981: "Hending" i *KLNM* 6 (sp. 451f.). København.
- Morkinskinna*, 1867. (Udg. af C.R. Unger.) Christiania.
- Nymorskordboka*, 1993. Oslo.
- See, Klaus von, 1980: *Skaldendichtung*. München & Zürich.
- See, Klaus von, 1981: "Skothending. Bemerkungen zur Frühgeschichte des skaldischen Birnenreims" i *Edda, Saga, Skaldendichtung. Aufsätze zur skandinavischen Literatur des Mittelalters* (s.361-367). Heidelberg.
- Seip, Didrik Arup 1931: *Norsk språkhistorie*. Oslo.
- Snegle-Halle og andre småsoger*, 1980. (Omsett av Sveinbjørn Aursland). Oslo.
- Snorri Sturluson, 1971: *Edda. Gylfaginning og prosafortellingene av skáldskaparmál*. (Utg. v/ Anne Holtsmark & Jón Helgason.) Oslo-Stockholm-København.
- Snorre Sturlason, 1900: *Kongesogur*. (Umsett ved Steinar Schjøtt.) Kristiania.
- Stegane, Idar 1980: "Nynorsk kvinnelitteratur" i *Kvinner i nynorsk prosa* (s. 9-28). (Red. av Inger Lise Breivik m.fl.) Oslo.
- Turville-Petre, Gabriel 1968: *Haraldr the Hard-Ruler and his Poets*. London.
- Turville-Petre, Gabriel 1976: *Scaldic Poetry*. Oxford.
- Ulset, Tor 1975: *Merknader til en del skaldedikt*. Oslo.
- Útvalgte þættir fra Morkinskinna*, 1978. (Utgitt av Tor Ulset.) Oslo.
- Quinn, Judy 1994: "Eddu-lis: The Emergence of Scaldic Pedagogy in Medieval Iceland" i *altísmál* 4 (s. 63-95). Berlin.